3. GANGS OPPFØLGING AV REVISJONSRAPPORT - «SJØLVKOST»

Bakgrunn:

Samrøystes vedtak i kontrollutvalet 08.02.16, sak 04/16:

Etne kontrollutval tek rådmannen si tilbakemelding om ny oppfølging av rapporten «Sjølvkost» til orientering.

Kontrollutvalet ønsker ei ny oppfølging av rapporten om «Sjølvkost» når ny gebyrforskrift ligg føre, og seinast innan november 2016.

Melding om oppfølging vert sendt kommunestyret til orientering

Kontrollutvalet handsama også oppfølging av rapporten i møtet den 11.05.15.

Handsaming av rapporten:

Etne kommunestyre gjorde følgjande vedtak i sak 061/14 den 28.10.14:

1. *Etne kommunestyre har merka seg det som kjem fram i KPMG sin rapport om «Sjølvkost» og tek denne til orientering.*
2. *Rapporten vert oversendt til rådmannen for vidare oppfølging av rapporten sine konklusjonar og tilrådingar, punkta 1-5.*
3. *Rådmannen gjer tilbakemelding til kommunestyret via kontrollutvalet om oppfølging av rapporten innan 6 månader etter at kommunestyret har gjort sitt vedtak.*

I rapporten kom revisor med følgjande hovudbodskap og tilrådingar:

1. *Vi tilrår at kommunen innfører eit overslag over kostnader for 3-5 år, slik at dette samsvarer med krav i forskrift. Kommunen har gått til innkjøp av eit rekneark som ein kan nytte for å lage prognosar for fleire år framover, og vi tilrår at kommunen nyttar seg av denne moglegheita, ev. finn andre måtar å løyse det på.*
2. *Vidare vil vi tilrå kommunen å vurdere om praksis knytt til utrekning av gebyr gir eit tilstrekkeleg samsvar mellom forbruk og betaling for den einskilde brukar. Dette kan til dømes takast inn som særskilt problemstilling i pågåande arbeidsgruppe som skal vurdere behov for endringar i lokal gebyrforskrift.*

3. *Vi tilrår og at kommunen vurderer behovet for å utarbeide eksplisitte retningslinjer for utrekning av gebyr, som er tilpassa kommunen, og som vert nytta som eit tillegg til reknearket og sentrale retningslinjer.*
4. *Kommunen bør etter vår vurdering utarbeide meir langsiktige vurderingar av behov for investeringar og vedlikehald innanfor avløp, slik ein har gjort for vatn. Slike utgreiingar er nyttige grunnlagsmateriale i arbeidet med å prognosar/overslag over kostnader i 3-5 års perspektiv, jf. det fyrste punktet.*
5. *Vår siste tilråding er at kommunen ser til at overskot på sjølvkostfond vert nytta innan ein 3-5 års periode. Kommunen sine inntekter skal over tid ikkje overstige dei reelle kostnadene ved tenesta, og kommunen har for tida eit sjølvkostfond på avløp som har stege over fleire år.*

Saksutgreiing til møtet 11.05.15:

Rådmannen har i vedlagde tilbakemelding gjort greie for korleis administrasjonen har følgt opp revisor sine tilrådingar. I svarbrevet har han tatt inn kommunestyret sitt vedtak i sak 061/14, tilrådingane frå revisor og rådmannen sin uttale til rapporten. Han gir følgjande tilbakemelding på tilrådingane:

Pkt. 1

Rådmannen meiner at tiltak i tråd med tilrådinga er gjennomført. Kommunen nyttar no, som det også står i rapporten, ein modell frå «Momentum selvcost» både til budsjettering og etterkalkyle. Rådmannen viser elles til budsjettframlegget for 2015, der ein på bakgrunn av modellen og kostnadsoverslag viser antatt utvikling i gebyra innanfor sjølvkostområda.

Figuren frå budsjettframlegget såg slik ut:



Pkt. 2 og 3


Det er sett ned ei arbeidsgruppe som ser på den lokale gebyrforskrifta. Gruppa har som mål å utarbeide ei ny, lokal forskrift som skal leggast ut på høyring. På grunn av stort arbeidspress, med mellom anna innføring av eigedomsskatt og utgreiing av vedtekne sparepakkar, har gruppa måtte utsetje dette arbeidet noko. Intensjonen er framleis at ny gebyrforskrift skal vere klar før taktstane for 2016 skal fastsetjast.

Pkt. 4

Drift og vedlikehalds-eininga har fullt fokus på gjennomføring av hovudplan på vassforsyning. Dei har ikkje kapasitet til å få på plass ein hovudplan på avlaup pr. i dag, men dette er ikkje eit kritisk område. Det er fortlaufande fokus på tiltak også der.

Pkt. 5

Rådmannen meiner tiltak i råd med tilrådinga er gjennomført og at kommunen no har betre kontroll på dette, jf. svar i pkt.1. Figuren nedanfor viser at fondsreservane er blitt redusert i 2014 og at kommunen har ein plan for å bruke opp fondsmidlane framover. Samstundes har ein planlagt ein bruk som forsøker å unngå for store svingingar i gebyra.

**Samrøystes vedtak i kontrollutvalet 11.05.15:**

Kontrollutvalet i Etne tek rådmannen si tilbakemelding om oppfølging av rapporten «Sjølvkost» til orientering.

Kontrollutvalet ønskjer ei ny oppfølging av rapporten om «Sjølvkost» på fyrste møte i 2016.

Melding om oppfølging vert sendt kommunestyret til orientering.

Saksutgreiing til møtet 08.02.16:

Rådmannen har i e-post mottatt 29.01.16 gjort greie for korleis administrasjonen vidare har følgt opp revisor sine tilrådingar etter handsaminga i utvalet i mai 2015. E-posten er vedlagt saka.

Han gir følgjande tilbakemelding:

I møtet i Kontrollutvalet 11.05.2015 gjekk det fram av rådmannen si tilbakemelding på tilrådingane frå KPMG at fleire av tiltaka er gjennomført. Erfaringane til no ved bruk av ny modell er gode.

Når det gjeld oppfølging av pkt. 2 og vurdering av pkt. 3 så er det utarbeidd eit utkast til ny forskrift for vatn og avlaup, der administrasjonen enno jobbar med nokre tilpassingar.

Gjennom 2015 har ein dessverre måtte nedprioritert dette arbeidet, då administrasjonen har hatt eit stort arbeidspress mellom anna knytt til sparepakkane og skifte av rådmann. Hausten 2015 fann administrasjonen i tillegg tida for knapp for ei forsvarleg høyring med påfølgjande etterarbeid, då gebyrregulativ og sjølvkostbudsjett skal baserast på gjeldande forskrift. Det er Økonomi som nå sit med prosjektet med ny forskrift. P.t. vert dagleg drift, årsoppgjer 2015 og oppgåver tilført ved administrativ nedbemannning prioritert.

Ny forskrift for vatn og avlaup vert etter planen lagt ut for høyring i april/mai.

Leiar gjorde framlegg om at utvalet fekk ei ny oppfølging av rapporten når den nye forskriften var klar, og seinast i novembermøtet. Medlemmene slutta seg til framlegget.

Saksutgreiing til møtet 21.11.16:

Rådmannen opplyser i e-post til sekretariatet mottatt 09.11.16 at han og/eller økonomisjefen vil munnleg gjere greie for korleis administrasjonen har følgt opp revisor sine tilrådingar etter oppfølginga i utvalet i februar 2016, i møtet.

Om oppfølging av rapportar:

I følgje kontrollutvalsforskrifta med merknader, ligg det til kontrollutvalet å sjå til at rådmannen følgjer opp rapporten. Det ligg ikkje til kontrollutvalet å fastsette korleis administrasjonen skal følgje opp påviste avvik/svakheiter i dei konkrete tilfella, då dette er rådmannen sitt ansvar. Kontrollutvalet kan likevel melde saker vidare til kommunestyret dersom kontrollutvalet meiner saka ikkje er fylgt opp på ein tilfredsstillande måte

Utalet må sjølv vurdera om dei meiner administrasjonen har følgt opp revisor sine tilrådingar på ein tilfredsstillande måte. Utalet må også vurdera om dei ønskjer at kommunestyret får oppfølgingssaka som ei orienteringssak eller som ei sjølvstendig sak.

SEKRETARIATET SITT FRAMLEGG TIL VEDTAK:

Kontrollutvalet i Etne tek rådmannen si tilbakemelding om ny oppfølging av rapporten «Sjølvkost» til orientering.

Aksdal, 14.11.16


Odd Gunnar Høie
Rådgjevar/utvalssekretær

| SAKSGANG | | |
|-----------------|-----------------|----------------|
| Utval | Møtedato | Saks nr |
| Kontrollutvalet | 21.11.16 | 21/16 |
| | | |

| Saksansvarleg: | Arkivkode: | Arkivsak: |
|-----------------------|-------------------|------------------|
| Odd Gunnar Høie | 216 | |

ORIENTERING OM FRAMLEGGET TIL BUDSJETT 2017 OG ØKONOMIPLAN 2017-2020

Bakgrunn:

Kontrollutvalet deltar ikkje i sjølve behandlinga av kommunen sine økonomirapporter. Men som kommunens tilsynsorgan bør kontrollutvalet følgje med i utviklinga av kommunen si løypande drift. Det bør derfor være fast praksis at kontrollutvalet får seg forelagt dei økonomirapporter som blir lagt fram for kommunestyret til orientering. Eventuelle kommentarar til rekneskapet frå kontrollutvalet si side vert gjeve i samband med handsaminga av årsrekneskapen til våren.

Kontrollutvalet har eit lovpålagt ansvar for å utarbeide budsjettframlegg for kontroll- og tilsynsarbeidet i kommunen. Utvalet er i sitt arbeid kun underlagt kommunestyret, ikkje rådmannen. Framlegget kan derfor bare endrast politisk. Rådmannen legg fram sitt framlegg til saldert budsjett med heimel i kommunelova §§ 44-48 og KDR si forskrift frå 15.12.00

Budsjett 2017 og økonomiplan 2017-2020:

Budsjettframlegg for 2017 og økonomiplan 2017-2020 er lagt ut på kommunen sin nettside www.etne.kommune.no eller kan hentast på rådhuset.


Budsjettframlegget inneholder rådmannen sine kommentarar, kommentarar frå organisasjonen, ulike budsjettkjema, tiltaksliste, hovudoversikt og detaljbudsjett for ansvarsområda. Budsjett og økonomiplan vart endeleg handsama i kommunestyremøte i desember.

Framlegg til budsjett og økonomiplan vil bli gjort greie for i møtet.

SEKRETARIATET SITT FRAMLEGG TIL VEDTAK:

Etne kontrollutval tar rådmannen sitt framlegg til budsjett for 2017 og økonomiplan 2017-2020 til orientering.

Aksdal, 14.11.16



Odd Gunnar Høie
Rådgjevar/utvalssekretær

| SAKSGANG | | |
|-----------------|----------|---------|
| Utval | Møtedato | Saks nr |
| Kontrollutvalet | 21.11.16 | 22/16 |
| | | |

| Saksansvarleg: | Arkivkode: | Arkivsak: |
|-----------------|------------|-----------|
| Odd Gunnar Høie | 033 | |

INTERIMSREVISJON ETNE KOMMUNE 2016

Saksvedlegg: revisjonsrapport nr. 1 – av 06.10.16

Bakgrunn:

Deloitte AS har hausten 2016 utført interimsrevisjon av Etne kommune. Vedlagt følgjer revisjonsrapport nr. 1, dagsett 06.10.16.

Revisor skriv følgjande:

1 Sjølvstende og objektivitet

Vi stadfester at revisjonsteamet tilfredsstiller dei krava til sjølvstende og objektivitet for revisorar som reviderer kommunal og fylkeskommunal verksemd, og som går fram av § 79 i kommunelova og som er nærmere konkretisert i forskrift om revisjon av kommunar og fylkeskommunar §§ 13 og 14.

2 Bokføringslova og dokumentasjon av rekneskapen

Bokføringslova (Lov 2004-11-19 nr 73) og bokføringsforskrifta (Forskrift 2004-12-01 nr. 1558) vart frå 1. januar 2011 gjeldande for kommunar og fylkeskommunar, samt kommunale og fylkeskommunale føretak. Det betyr at desse må følgja alle reglane i bokføringslova § 2 til § 14. Vidare må bokføringsforskrifta kapittel 2 til 7 følgjast.

Bokføringslova med forskrifter inneholdt enkelte nye krav samt vidarefører ei rekke krav frå tidlegare lover og forskrifter. På fleire område betyr lova ei innstramming jamfört med tidlegare praksis. Bokføringslova § 4 gjev 10 grunnleggjande bokføringsprinsipp som skal følgjast.

Ved utarbeiding av årsrekneskap skal det etter bokføringslova § 11 vere dokumentasjon av alle balansepostar i rekneskapen utan dei som er ubetydelege.

Det er viktig at kommunen er særleg merksam på dei krav som bokføringslova stiller til dokumentasjon av balansen. Alle betydelege balansepostar skal vere tilfredsstillande dokumentert, også slik at det skal vere mogleg å forstå posten for andre enn dei som utarbeidar dokumentasjonen.

3 Intern kontroll

Gjennomgangen har gitt oss kunnskap om kontrollmiljøet i kommunen, om kontrollmessige sterke og svake sider i vesentlege økonomiprosessar, og ei forståing av korleis rekneskapstransaksjonar vert generert, registrert og rapportert.

Vår vurdering av internkontrollen bygger på informasjon innhenta gjennom kartlegging og gjennomgang av rutinar i samband med interim revisjonen, på kunnskap i eigen organisasjon om regelverk, rutinar og prosessar i kommunen.

Når det gjeld internkontrollen på eit overordna nivå, er det vår vurdering at den er tilfredsstillande.

Vår vurdering av risiko og kontroll på rutinenivå, har vi kommentert nedanfor, under dei einskilde områda som er revidert.

3.1 Kontroll av transaksjonar / bilag

Kommunen har etablert system og rutinar som sikrar kontroll med transaksjonane (transaksjonskontroller). Kontrollen skal sørge for at inntekter, innkjøp, tilskot, løn og andre oppgåvepliktige ytingar blir handtert i samsvar med gjeldande lover, reglar og avtalar, og at inntekter og utgifter vert følgt opp i forhold til budsjett og planar. På inntektsområdet er føremålet vidare å sikre at inntekter blir rett berekna og innbetalt, og at uteståande krav blir følgt opp.

Eit viktig kontrolelement er kravet om at alle bilag skal vera tilvist.

Dette inneberer at alle disposisjonar som inneber økonomiske forpliktingar skal stadfestast av ein som har budsjettdisponeringsmynde. Den som har budsjettdisponeringsmynde kan ikkje godkjenne godtgjersle eller andre utbetalinger til seg sjølv.

Vi har føretatt terminvise kontrollar av krav om kompensasjon for meirverdiavgift. Ein revisjon av dette inneberer handlingar for å innhente revisjonsbevis for beløpa og opplysningane i kompensasjonsoppgåva. Meir spesifikt betyr dette at vi plukkar ut eit tilfeldig utval av kostnadane, og kontrollerer at kommunen har behandla desse kostnadane riktig avgifts messig.

Vi har ikkje avdekkja feil knyta til den terminvise kontrollen av krav om kompensasjonen av meirverdiavgift.

3.2 Innkjøpsområdet

I vår gjennomgang av drifts- og investerings rekneskapen, har vi gjennomgått kommunens rutinar omkring innkjøp og inngåande fakturaer. Vi har kartlagt rutinar gjennom samtalar med økonomileiar. Ved denne gjennomgangen har vi ikkje avdekkja svakheiter ved dei interne kontrollane.

3.3 Løn

I vår gjennomgang av lønnsområdet, har vi gjennomgått kommunens rutinar omkring registrering, oppdatering og lønnskjøring. Vi har kartlagt rutinar gjennom samtalar med lønningskonsulentane. Ved denne gjennomgangen har vi ikkje avdekkja svakheiter ved dei interne kontrollane.

Vi har fått stadfesta at der er innarbeida gode system kring dei viktigaste rutinane på lønnsområdet og vår konklusjon er at det har vore etablert tilfredsstillande kontrollar i lønsprosessane.

Når det gjeld reiserekningar har vi gjennom vår interimsrevisjon avdekk avvik. Avvika vi har funne gjeld manglende eksakte adresser for kvar ein kører frå og til når ein har krav på kilometergodtgjersle.

Ein reiserekning skal minst innehalde følgjande opplysningar:

- arbeidstakers navn, adresse og underskrift,
- dato for avreise og hjemkomst for hver yrkes-Itjenestereise,
- formålet med reisen,
- hvilke arrangement arbeidstakeren har deltatt på
- fremstilling av reiseruten med angivelse av lokal kjøring på oppdragsstedet og årsaken til eventuelle omkjøringer, og
- totalt utkjørt distanse beregnet på grunnlag av bilens kilometerteller (evt. trip-teller) ved begynnelsen og slutten av hver yrkes-Itjenestereise.
- navn på passasjer det kreves passasjertillegg for.

Vi tilrår at ein ikkje godtek og registrerer reiserekningar der detaljert reiserute manglar.

3.4 Inntektsområde

I interim revisjonen har vi valt ut og testa inntektsrutinar innan eigenbetaling for institusjonsog omsorgstenester, VA-tenester og eigedomsskatt. Føremålet har vært å kontrollera at det er etablert system og kontroller som sikrar at alle fakturerte inntekter er i samsvar med grunnlaget (dei tenestene som er levert), og at inntektene vert bokført i rett periode med rett beløp.

Det var gjennomgående god kvalitet på dokumentasjonen som vart kontrollert og det vart ikkje avdekk vesentlege feil eller manglar ved grunnlag og berekningar.

Kommunen startar innkrevjing av eigedomsskatt når det er utsteds ferdigattest. Dette betyr at det i einskilde tilfelle kan gå fleire år frå bygget er tatt i bruk til det blir betalt eigedomsskatt.

Revisjonen foreslår at oppstart innkrevjing av eigedomsskatt samordnast med innkrevjing av VA-tenester slik at ein unngår dette inntektstapet. (Unntak for bustadeigedommar i samsvar med politisk vedtak.)

3.5 Tilgangstyring og arbeidsdeling

Arbeidsdeling er ein viktig del av internkontrollen for å førebygge feilog mislegheiter. I ein mindre kommune med relativt liten administrasjon kan dette by på utfordringar. Etnekommune har i stor grad etablert denne kontrollen og har tilfredsstillande arbeidsdeling på vesentlege områder, men økonomileiar har omfattande tilgangar og tilvisingsmynde.

Vi anbefaler at ein gjennomgår økonomileiaren sine tilgangar og vurderer om det er grunnlag for endringar som ytterlegare kan betre internkontrollen.

3.6 Overordna IT kontroller

I samtale med IT -sjefkjem det fram at det manglar skifilege overordna rutinar og analyser:

- *It-risikoanalyse, her har ein berre uformelle vurderingar*
- *Overordna IT -sikkerhetspolicy, har ikkje samla oversikt, det ein har er gamalt og utdatert*
- *Rutinar for endringshandtering, ein har system men dette er ikkje implementert på ein god måte*

Nå det gjeld tilgangskontroll er ny rutine under arbeid, mens overvaking av drift fungerer godt sjølv med uformelle rutinar.

Vi anbefaler at ein formaliserer rutinar og sørger for skriftleg dokumentasjon på risikoanalyser og sikkerhetspolicy.

Om nummererte brev (frå kontrollutvalsboka):

Revisor har ei plikt til å ta opp vesentlege forhold i «nummererte brev». Slike brev inneheld informasjon som revisor meiner det er naudsynt å informere kontrollutvalet om.

Revisor skal i nummererte brev melde frå om følgjande forhold, dersom forholda blir vurderte som vesentlege:

- manglar ved plikta til å sørge for ordentleg og oversiktleg registrering og dokumentasjon av rekneskapsopplysningar
- feil og manglar ved organiseringa av den økonomiske internkontrollen
- mislede handlingar
- feil som kan føre til feilinformasjon i årsrekneskapen
- manglande forklaring på vesentlege avvik mellom rekneskap og budsjett
- grunngjeving for manglande underskrift ved stadfesting til offentleg mynde i samsvar med lov eller forskrift
- grunngjeving for å seie frå seg revisjonsoppdraget

Utover desse punkta står revisor fritt til å melde frå om andre vesentlege forhold i nummererte brev. Det er vanleg at forhold som medfører avvik frå normalmeldinga blir tekne opp i nummererte brev.

Breva blir nummererte fortløpande og sende til kontrollutvalet med kopi til administrasjonssjefen. Kontrollutvalet bør gjere ei grundig handsaming av dei forholda som blir omtala i nummererte brev, og bør vurdere å handsama dei som eiga sak. Det er opp til kontrollutvalet å avgjere om saka i så fall også skal sendast vidare til kommunestyret.

Kontrollutvalet pliktar å sjå til at dei forholda revisor har teke opp i nummererte brev blir følgde opp.

Kontrollutvalet bør i slike tilfelle ta forholda opp med administrasjonssjefen for å finne ut korleis breva er blitt følgde opp. Når kontrollutvalet har fått svar frå administrasjonssjefen, bør det nummererte brevet setjast opp som sak i kontrollutvalet.

Sekretariatet si vurdering:

Sekretariatet vil tilrå at utvalet ber rådmannen gjennomgå punkta i brevet og vurdere moglege tiltak. Utvalet bør setje ein frist for ei tilbakemelding om korleis tilrådingane i revisjonsrapporten har blitt følgt opp. Sekretariatet gjer framlegg om at fristen blir satt til 01.05.17. Utvalet vil kunne handsame ei oppfølging av revisjonsrapporten i samanheng med årsoppgjer og revisjon av årsrekneskapen i møtet i mai 2017.

SEKRETARIATET SITT FRAMLEGG TIL VEDTAK:

Etne kontrollutval tek revisjonsrapport nr. 1, dagsett 06.10.16 frå Deloitte AS til orientering.

Kontrollutvalet ber rådmannen gje ei skriftleg tilbakemelding til utvalet innan 01.05.17 om korleis tilrådingane i revisjonsrapporten er følgt opp.

Aksdal, 14.11.16



Odd Gunnar Høie
Rådgjevar/utvalssekretær

Etne Kommune
v/kontrollutvalet
Postboks 54
5591 Etne

06. oktober 2016

Revisjonsrapport nr. 1
(journalførast)

INTERIMSREVISJON ETNE KOMMUNE 2016

Generelt

Vi har utført interimsrevisjonen av Etne kommune for 2016. Vi vil i den anledning gje ei kort oppsummering av utført interimsrevisjon og kommentera nokre forhold som vi meiner leiinga i kommunen bør ha eit spesielt fokus på.

Deloitte utfører risikobasert revisjon. Dette vil seie at kontrollmetodar og kontrollomfang vert tilpassa risikoene i organisasjon og rutinar. Vi kartlegg og vurderer difor dei viktigaste økonomi- og rekneskapsrutinane for å identifisera kor det er størst risiko for feil i rekneskapsrapporteringa.

Basert på utført revisjon har vi notert oss enkelte forhold vi meiner kommunen si leiing bør vera merksame på. Vi vil presisera at det er leiinga i kommunen som er ansvarleg for å etablera og halde oppe ein tilfredsstillande intern kontroll. Som ein del av dette må leiinga sjå til at rekneskapsføringa er i samsvar med lover og forskrifter og at formues forvaltinga er ordna på ein trygg måte.

Rekneskapsrevisjon

Rekneskapsrevisjonen skal gje revisor grunnlag for å gje ein uttale om rekneskapen i form av ei revisjonsmelding. Rekneskapsrevisjonen er delt i to fasar, interimsrevisjon og årsoppgjersrevisjon.

I interimsrevisjonen testar vi kontrollar i rekneskapsrutinar for å få verifisert at dei har fungert i heile rekneskapsperioden. I tillegg gjennomfører vi kontrollar på områder, og for regnskapsposter, kor det ikkje er mogleg å oppnå same tryggleik eller med same effektivitet ved revisjon i årsoppgjeret.

1 Sjølvstende og objektivitet

Vi stadfester at revisjonsteamet tilfredsstiller dei krava til sjølvstende og objektivitet for revisorar som reviderer kommunal og fylkeskommunal verksemd, og som går fram av § 79 i kommunelova og som er nærmare konkretisert i forskrift om revisjon av kommunar og fylkeskommunar §§ 13 og 14.

2 Bokføringslova og dokumentasjon av rekneskapen

Bokføringslova (Lov 2004-11-19 nr 73) og bokføringsforskrifta (Forskrift 2004-12-01 nr. 1558) vart frå 1. januar 2011 gjeldande for kommunar og fylkeskommunar, samt kommunale og fylkeskommunale føretak. Det betyr at desse må følgja alle reglane i bokføringslova § 2 til § 14. Vidare må bokføringsforskrifta kapittel 2 til 7 følgjast.

Bokføringslova med forskrifter inneholder enkelte nye krav samt vidarefører ei rekke krav frå tidlegare lover og forskrifter. På fleire område betyr lova ei innstramming jamført med tidlegare praksis. Bokføringslova § 4 gjev 10 grunnleggjande bokføringsprinsipp som skal følgjast.

Ved utarbeiding av årsrekneskap skal det etter bokføringslova § 11 vere dokumentasjon av alle balansepostar i rekneskapen utan dei som er ubetydelege.

Det er viktig at kommunen er særleg merksam på dei krav som bokføringslova stiller til dokumentasjon av balansen. Alle betydelege balansepostar skal vere tilfredsstillande dokumentert, også slik at det skal vere mogleg å forstå posten for andre enn dei som utarbeider dokumentasjonen.

3 Intern kontroll

Gjennomgangen har gitt oss kunnskap om kontrollmiljøet i kommunen, om kontrollmessige sterke og svake sider i vesentlege økonomiprosessar, og ei forståing av korleis rekneskapstransaksjonar vert generert, registrert og rapportert.

Vår vurdering av internkontrollen byggjer på informasjon innhenta gjennom kartlegging og gjennomgang av rutinar i samband med interim revisjonen, på kunnskap i eigen organisasjon om regelverk, rutinar og prosessar i kommunen.

Når det gjeld internkontrollen på eit overordna nivå, er det vår vurdering at den er tilfredsstillande.

Vår vurdering av risiko og kontroll på rutinenivå, har vi kommentert nedanfor, under dei einskilde områda som er revidert.

3.1 Kontroll av transaksjonar / bilag

Kommunen har etablert system og rutinar som sikrar kontroll med transaksjonane (transaksjonskontroller). Kontrollen skal sørge for at inntekter, innkjøp, tilskot, løn og andre oppgåvepliktige ytингar blir handtert i samsvar med gjeldande lover, reglar og avtalar, og at inntekter og utgifter vert følt opp i forhold til budsjett og planar. På inntektsområdet er føremålet vidare å sikre at inntekter blir rett berekna og innbetalt, og at uteståande krav blir følt opp.

Eit viktig kontollelement er kravet om at alle bilag skal vera tilvist. Dette inneberer

at alle disposisjonar som inneber økonomiske forpliktingar skal stadfestast av ein som har budsjettdisponeringsmynde. Den som har budsjettdisponeringsmynde kan ikkje godkjenne godtgjersle eller andre utbetalingar til seg sjølv.

Vi har føretatt terminvise kontrollar av krav om kompensasjon for meirverdiavgift. Ein revisjon av dette inneberer handlingar for å innhente revisjonsbevis for beløpa og opplysningane i kompensasjonsoppgåva. Meir spesifikt betyr dette at vi plukkar ut eit tilfeldig utval av kostnadane, og kontrollerer at kommunen har behandla desse kostnadane riktig avgifts messig.

Vi har ikkje avdekkja feil knyta til den terminvise kontrollen av krav om kompensasjonen av meirverdiavgift.

3.2 Innkjøpsområdet

I vår gjennomgang av drifts- og investerings rekneskapen, har vi gjennomgått kommunens rutinar omkring innkjøp og inngåande fakturaer. Vi har kartlagt rutinar gjennom samtalar med økonomileiar. Ved denne gjennomgangen har vi ikkje avdekkja svakheiter ved dei interne kontrollane.

3.3 Løn

I vår gjennomgang av lønnsområdet, har vi gjennomgått kommunens rutinar omkring registrering, oppdatering og lønnskjøring. Vi har kartlagt rutinar gjennom samtalar med lønningskonsulentane. Ved denne gjennomgangen har vi ikkje avdekkja svakheiter ved dei interne kontrollane.

Vi har fått stadfesta at der er innarbeida gode system kring dei viktigaste rutinane på lønnsområdet og vår konklusjon er at det har vore etablert tilfredsstillande kontrollar i lønsprosessane.

Når det gjeld reiserekningar har vi gjennom vår interimsrevisjon avdekkja avvik. Avvika vi har funne gjeld manglande eksakte adresser for kvar ein køyrrer frå og til når ein har krav på kilometergodtgjersle.

Ein reiserekning skal minst innehalde følgjande opplysningar:

- arbeidstakers navn, adresse og underskrift,
- dato for avreise og hjemkomst for hver yrkes-/tjenestereise,
- formalet med reisen,
- hvilke arrangement arbeidstakeren har deltatt på
- fremstilling av reiseruten med angivelse av lokal kjøring på oppdragsstedet og årsaken til eventuelle omkjøringer, og
- totalt utkjørt distanse beregnet på grunnlag av bilens kilometerteller (evt. trip-teller) ved begynnelsen og slutten av hver yrkes-/tjenestereise.
- navn på passasjer det kreves passasjertillegg for.

Vi tilrår at ein ikkje godtek og registrerer reiserekningar der detaljert reiserute manglar.

3.4 Inntektsområde

I interim revisjonen har vi valt ut og testa inntektsrutinar innan eigenbetaling for institusjons- og omsorgstenester, VA-tenester og eigedomsskatt. Føremålet har vært å kontrollera at det er etablert system og kontroller som sikrar at alle fakturerte inntekter er i samsvar med grunnlaget (dei tenestene som er levert), og at inntektene vert bokført i rett periode med rett beløp.

Det var gjennomgåande god kvalitet på dokumentasjonen som vart kontrollert og det vart ikkje avdekka vesentlege feil eller manglar ved grunnlag og berekningar.

Kommunen startar innkrevjing av eigedomsskatt når det er utstedt ferdigattest. Dette betyr at det i ein skilde tilfelle kan gå fleire år frå bygget er tatt i bruk til det blir betalt eigedomsskatt. Revisjonen foreslår at oppstart innkrevjing av eigedomsskatt samordnast med innkrevjing av VA-tenester slik at ein unngår dette inntektstapet. (Unntak for bustadeigedommar i samsvar med politisk vedtak.)

3.5 Tilgangstyring og arbeidsdeling

Arbeidsdeling er ein viktig del av internkontrollen for å forebygge feil og mislegheiter. I ein mindre kommune med relativt liten administrasjon kan dette by på utfordringar. Etne kommune har i stor grad etablert denne kontrollen og har tilfredsstillande arbeidsdeling på vesentlege områder, men økonomileiar har omfattande tilgangar og tilvisingsmynde. Vi anbefaler at ein gjennomgår økonomileiaren sine tilgangar og vurderer om det er grunnlag for endringar som ytterlegare kan betre internkontrollen.

3.6 Overordna IT kontroller

I samtale med IT-sjef kjem det fram at det manglar skiftelege overordna rutinar og analyser:

- It-risikoanalyse, her har ein berre uformelle vurderingar
- Overordna IT-sikkerhetspolicy, har ikkje samla oversikt, det ein har er gamalt og utdatert
- Rutinar for endringshandtering, ein har system men dette er ikkje implementert på ein god måte

Nå det gjeld tilgangskontroll er ny rutine under arbeid, mens overvaking av drift fungerer godt sjølv med uformelle rutinar.

Vi anbefaler at ein formaliserer rutinar og sørger for skriftleg dokumentasjon på risikoanalyser og sikkerhetspolicy.

3.7 Oppsummering/Tilråding

Vi tilrår at kommunen gjennomgår punkta over og vurderer mogelege tiltak.

4. Avslutning

Dersom noko skulle være uklårt i framstillinga ovanfor, eller at det er trong for hjelp i samband med konkretisering og gjennomføring av tilrådde tiltak eller andre forhold, står vi gjerne til teneste.

Med venleg helsing
Deloitte AS


Else Holst-Larsen
statsautorisert revisor

Kopi: Rådmann

| SAKSGANG | | |
|-----------------|----------|------------|
| Utval | Møtedato | Saksnummer |
| Kontrollutvalet | 21.11.16 | 23/16 |
| | | |

| Saksansvarleg: | Arkivkode: | Arkivsak: |
|-----------------|------------|-----------|
| Odd Gunnar Høie | 216 | |

VAL AV FORVALTNINGSREVISJONSPROSJEKT

Bakgrunn:

Ifølge forskrift om kontrollutval skal kommunen årleg bli gjenstand for forvaltningsrevisjon i samsvar med gjeldande lover og reglar. Kontrollutvalet bør på dette møtet ta stilling til kva for eit prosjekt ein ønskjer å byrja med, slik at revisor sitt utkast til mandat for gjennomføring av prosjektet kan handsamast i neste møte.

Saksorientering:

Nytt prosjekt for forvaltningsrevisjon kan bestillast med bakgrunn i vedtatt Plan for forvaltningsrevisjon. Ny plan for perioden 2016-2020 blei vedteken av kontrollutvalet og kommunestyret hausten 2016. Følgjande prosjekt er prioritert i den nye planen:

1. *sjukefråvær*
2. *internkontroll innan helse og omsorg*
3. *tverrfagleg samarbeid omkring barn og unge*
4. *budsjettering innan pleie og omsorg*
5. *kommunen sitt arbeid for flyktningar*
6. *innkjøp*
7. *barnevern - evaluere Vindafjord sin rapport frå 2015 før eventuelt nytt prosjekt*

Det vil vere opp til utvalet å velja kva for prosjekt ein ynskjer å setja i bestilling no. Utvalet er delegert mynde til å fråvika planen dersom det vert naudsynt.

Framlegg til prosjektmandat vil bli handsama i neste møte, då endeleg bestilling kan gjerast.

SEKRETARIATET SITT FRAMLEGG TIL VEDTAK:

Etne kontrollutval ber Deloitte AS om å legge fram utkast til prosjektmandat på forvaltningsrevisjonsprosjektet "xxxxx" i neste møte.

Aksdal, 14.11.16

Odd Gunnar Høie
Rådgjevar/utvalssekretær

| SAKSGANG | | |
|-----------------|----------|------------|
| Utval | Møtedato | Saksnummer |
| Kontrollutvalet | 21.11.16 | 24/16 |
| | | |

| Saksansvarleg: | Arkivkode: | Arkivsak: |
|-----------------|------------|-----------|
| Odd Gunnar Høie | 033 | |

FRAMLEGG TIL MØTEPLAN FOR 2017

Bakgrunn:

Med utgangspunkt i tidlegare møtefrekvens (4 møte pr. år), har sekretariatet sett opp framlegg til møteplan for kontrollutvalet for 2017. Dag og tidspunkt for møta er videreført slik dei har vore: mandagar kl. 13.00. Møta er opne for publikum og presse, og datoane skal gjerast kjent for innbyggjarane på kommunen sine nettsider. Det er difor viktig at møteplanen vert halden når den er vedteken.

Saksorientering:

Av faste saker vil utvalet si årsmelding bli lagt fram på det fyrste møtet på nyåret. I neste møte vil kontrollutvalet gje si uttale til årsrekneskapen. På hausten vil budsjettframlegg og møteplan bli handsama. I tillegg vil andre saker og saker knytte til forvaltningsrevisjon bli lagt fram for utvalet.

Etter forskriftene kan ikkje formannskapet godkjenna rekneskapen før den er handsama i kontrollutvalet, dvs. at innstillinga/uttale skal følgje med. Dato for dette møtet vil difor avhenge av når det er planlagt handsaming av rekneskap og årsmelding i formannskapet. Dersom det blir endringar i møteplan, vil det i så fall bli gjeve melding om dette så snart dette er kjent. Det også mogeleg å ha ekstramøte om det vert naudsynt.

SEKRETARIATET SITT FRAMLEGG TIL VEDTAK:

Kontrollutvalet i Etne vedtar følgjande møteplan for 2017:

| MØTE | TIDSPUNKT |
|----------------------|-----------|
| Måndag 20. februar | Kl. 13.00 |
| Måndag 22. mai | Kl. 13.00 |
| Måndag 25. september | Kl. 13.00 |
| Måndag 20. november | Kl. 13.00 |

Utvalssekretær kan i samråd med leiar endre møtedato om det vert naudsynt.

Aksdal, 14.11.16



Odd Gunnar Høie
Rådgjevar/utvalssekretær

Oversiktskalender 2017 - Etne

| Januar 2017 | | | | | | |
|-------------|----|----|----|----|----|-------|
| Uke | Ma | Ti | On | To | Fr | Lø Sø |
| 52 | | | | | 1 | |
| 1 | 2 | 3 | 4 | 5 | 6 | 7 8 |
| 2 | 9 | 10 | 11 | 12 | 13 | 14 15 |
| 3 | 16 | 17 | 18 | 19 | 20 | 21 22 |
| 4 | 23 | 24 | 25 | 26 | 27 | 28 29 |
| 5 | 30 | 31 | | | | |
| 5 | 12 | O | 19 | O | 28 | ● |

| Februar 2017 | | | | | | |
|--------------|----|----|----|----|----|-------|
| Uke | Ma | Ti | On | To | Fr | Lø Sø |
| 5 | | | | 1 | 2 | 3 4 5 |
| 6 | 6 | 7 | 8 | 9 | 10 | 11 12 |
| 7 | 13 | 14 | 15 | 16 | 17 | 18 19 |
| 8 | 20 | 21 | 22 | 23 | 24 | 25 26 |
| 9 | 27 | 28 | | | | |
| 4 | 11 | O | 18 | O | 26 | ● |

| Mars 2017 | | | | | | |
|-----------|----|----|----|----|----|-------|
| Uke | Ma | Ti | On | To | Fr | Lø Sø |
| 9 | | | | 1 | 2 | 3 4 5 |
| 10 | 6 | 7 | 8 | 9 | 10 | 11 12 |
| 11 | 13 | 14 | 15 | 16 | 17 | 18 19 |
| 12 | 20 | 21 | 22 | 23 | 24 | 25 26 |
| 13 | 27 | 28 | 29 | 30 | 31 | |
| 5 | 12 | O | 20 | O | 28 | ● |

NKRFT-konf
1-2/2

| April 2017 | | | | | | |
|------------|----|----|----|----|----|-------|
| Uke | Ma | Ti | On | To | Fr | Lø Sø |
| 13 | | | | 1 | 2 | |
| 14 | 3 | 4 | 5 | 6 | 7 | 8 9 |
| 15 | 10 | 11 | 12 | 13 | 14 | 15 16 |
| 16 | 17 | 18 | 19 | 20 | 21 | 22 23 |
| 17 | 24 | 25 | 26 | 27 | 28 | 29 30 |
| 3 | 11 | O | 19 | O | 26 | ● |

| Mai 2017 | | | | | | |
|----------|----|----|----|----|----|-------|
| Uke | Ma | Ti | On | To | Fr | Lø Sø |
| 18 | 1 | 2 | 3 | 4 | 5 | 6 7 |
| 19 | 8 | 9 | 10 | 11 | 12 | 13 14 |
| 20 | 15 | 16 | 17 | 18 | 19 | 20 21 |
| 21 | 22 | 23 | 24 | 25 | 26 | 27 28 |
| 22 | 29 | 30 | 31 | | | |
| 3 | 10 | O | 19 | O | 25 | ● |

| Juni 2017 | | | | | | |
|-----------|----|----|----|----|----|-------|
| Uke | Ma | Ti | On | To | Fr | Lø Sø |
| 22 | | | | 1 | 2 | 3 4 |
| 23 | 5 | 6 | 7 | 8 | 9 | 10 11 |
| 24 | 12 | 13 | 14 | 15 | 16 | 17 18 |
| 25 | 19 | 20 | 21 | 22 | 23 | 24 25 |
| 26 | 26 | 27 | 28 | 29 | 30 | |
| 1 | 9 | O | 17 | O | 24 | ● |

FKT-konf
i Tromsø
7-8/6

| Juli 2017 | | | | | | |
|-----------|----|----|----|----|----|-------|
| Uke | Ma | Ti | On | To | Fr | Lø Sø |
| 26 | | | | 1 | 2 | |
| 27 | 3 | 4 | 5 | 6 | 7 | 8 9 |
| 28 | 10 | 11 | 12 | 13 | 14 | 15 16 |
| 29 | 17 | 18 | 19 | 20 | 21 | 22 23 |
| 30 | 24 | 25 | 26 | 27 | 28 | 29 30 |
| 31 | | | | | | |
| 1 | 9 | O | 16 | O | 23 | ● 30 |

| August 2017 | | | | | | |
|-------------|----|----|----|----|----|-------|
| Uke | Ma | Ti | On | To | Fr | Lø Sø |
| 31 | | | 1 | 2 | 3 | 4 5 |
| 32 | 7 | 8 | 9 | 10 | 11 | 12 13 |
| 33 | 14 | 15 | 16 | 17 | 18 | 19 20 |
| 34 | 21 | 22 | 23 | 24 | 25 | 26 27 |
| 35 | 28 | 29 | 30 | 31 | | |
| 7 | O | 15 | O | 21 | O | 29 |

| September 2017 | | | | | | |
|----------------|----|----|----|----|----|-------|
| Uke | Ma | Ti | On | To | Fr | Lø Sø |
| 35 | | | | | 1 | 2 3 |
| 36 | 4 | 5 | 6 | 7 | 8 | 9 10 |
| 37 | 11 | 12 | 13 | 14 | 15 | 16 17 |
| 38 | 18 | 19 | 20 | 21 | 22 | 23 24 |
| 39 | 25 | 26 | 27 | 28 | 29 | 30 |
| 6 | O | 13 | O | 20 | O | 28 |

11/9. valgdag

| Oktober 2017 | | | | | | |
|--------------|----|----|----|----|----|-------|
| Uke | Ma | Ti | On | To | Fr | Lø Sø |
| 39 | | | | 1 | | |
| 40 | 2 | 3 | 4 | 5 | 6 | 7 8 |
| 41 | 9 | 10 | 11 | 12 | 13 | 14 15 |
| 42 | 16 | 17 | 18 | 19 | 20 | 21 22 |
| 43 | 23 | 24 | 25 | 26 | 27 | 28 29 |
| 44 | 30 | 31 | | | | |
| 5 | O | 12 | O | 19 | O | 28 |

| November 2017 | | | | | | |
|---------------|----|----|----|----|----|-------|
| Uke | Ma | Ti | On | To | Fr | Lø Sø |
| 44 | | | 1 | 2 | 3 | 4 5 |
| 45 | 6 | 7 | 8 | 9 | 10 | 11 12 |
| 46 | 13 | 14 | 15 | 16 | 17 | 18 19 |
| 47 | 20 | 21 | 22 | 23 | 24 | 25 26 |
| 48 | 27 | 28 | 29 | 30 | | |
| 4 | O | 10 | O | 18 | O | 26 |

| Desember 2017 | | | | | | |
|---------------|----|----|----|----|----|-------|
| Uke | Ma | Ti | On | To | Fr | Lø Sø |
| 48 | | | | | 1 | 2 3 |
| 49 | 4 | 5 | 6 | 7 | 8 | 9 10 |
| 50 | 11 | 12 | 13 | 14 | 15 | 16 17 |
| 51 | 18 | 19 | 20 | 21 | 22 | 23 24 |
| 52 | 25 | 26 | 27 | 28 | 29 | 30 31 |
| 3 | O | 10 | O | 18 | O | 26 |

| | |
|---------|-----------------------------------|
| 1. jan | Nyttårsdag |
| 21. jan | Prinsesse Ingrid Alexandra, 13 år |
| 6. feb | Samefolkets dag |
| 12. feb | Morsdag |
| 14. feb | St. Valentines dag |
| 21. feb | Kong Harald, 80 år |
| 26. feb | Fastelavn |
| 20. mar | Vårjevndøgn |
| 21. mar | Offisielt vårjevndøgn |
| 26. mar | Sommertid start |
| 9. apr | Palmesøndag |
| 13. apr | Skjærtorsdag |
| 14. apr | Langfredag |

| | |
|---------|-------------------------|
| 16. apr | 1. påskedag |
| 17. apr | 2. påskedag |
| 1. mai | Off. høgtidsdag |
| 8. mai | Frigjøringsdag 1945 |
| 17. mai | Grunnlovsdag 1814 |
| 25. mai | Kr. Himmelfartsdag |
| 4. jun | 1. pinsedag |
| 5. jun | 2. pinsedag |
| 7. jun | Unionsoppløsning 1905 |
| 21. jun | Sommersolverv |
| 23. jun | Jonsokaften |
| 4. jul | Dronning Sonja, 80 år |
| 20. jul | Kronprins Haakon, 44 år |
| 29. jul | Olsokdagen |

| | |
|---------|----------------------------------|
| 19. aug | Kronprinsesse Mette-Marit, 44 år |
| 22. sep | Høstjevndøgn |
| 29. okt | Sommertid slutt |
| 31. okt | Halloween |
| 5. nov | Allehelgensdag |
| 12. nov | Farsdag |
| 3. des | 1. søndag i advent |
| 13. des | Luciadagen |
| 21. des | Vintersolverv |
| 25. des | 1. juledag |
| 26. des | 2. juledag |